
Saksnr: 2020/41070-13
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe
Dato: 06.04.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Aktive Gamere - digital konferanse om e-sport og gaming i Vestland 7. mai 2021

Dataspel er den største fritidsinteressa blant ungdom i dag. 96% av gutar og 76% av jenter i alderen 9–18 år i Noreg gamar. Om ein vi vil det eller ei, er dette fenomenet kome for å bli, og vi må forholde oss til det. Som forelder, som lærar, som kommune, som idrettslag, som kulturinstitusjon og ikkje minst som ungdom der dataspel er ein sentral arena for spel, leik og sosialisering.

Idrettsklynge Vest og Vestlandet E-sport inviterer til eit webinar den 7. mai 2021 kl. 10.00-11.45 der ulike aspekt ved gaming og e-sport vert sett fokus på. Du kan blant anna få høyre frå:

- Fylkespolitikaren, som jobbar for ein heilskapleg strategi på feltet.
- Brannspelaren som er toppidrettsutøvar i e-fotball.
- Sjukehuset som brukar gaming inn i helse og rehabilitering.
- Læraren som har 50 elevar på e-sport linje i vidaregåande skule.
- Kulturinstitusjonen som vil skape ein open møteplass for gaming og e-sport.
- Idretten og deira rolle inn i e-sport og gaming.
- Forskaren som skal rulle ut ein studie på gaming og fysisk aktivitet.

Avslutningsvis inviterer vi, saman med Visit Bergen, til sofaprat der vi ser på kva ein kan få til av både lokale, nasjonale og internasjonale gaming- og e-sportarrangement i Bergen og Vestland.

Vi vil blant anna ta opp følgande tema:

- Er gaming så farleg som mange trur?
- Korleis sikrar vi ei sunn utvikling av e-sport og gaming i Vestland fylke og nasjonalt?
- Korleis balansere gaming med fysisk aktivitet og god folkehelse?
- Kva må til for å bli ein toppidrettsutøvar i e-sport?
- Korleis kan vi som kommunar legge til rette for gaming og e-sport?
- Korleis kan vi som idrettslag legge til rette for gaming og e-sport?
- Korleis skape møteplassar slik at fleire får oppleve glede i gaming, fysisk aktivitet og sunt kosthald på tvers av alder, kjønn, etnisitet, fysisk form, sosial bakgrunn og funksjonsnivå?

- Gaming og E-sport arrangement – kva er mogleg i eit lokalt og regionalt perspektiv?



Link til arrangementet på facebook: [Aktive Gamere webinar](#). Direktelink til sendinga vil bli publisert på denne hendinga.

Les meir om arrangørane og tema her:

www.aktivegamere.no

www.idrettklyngevest.no

www.vesp.no